



# Møtebok

Sak nr 42/2009

Møtedato: 9.9.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Rypejakt – avgrensing i uttak

Vestre Slidre fjellstyre har i samarbeid med Vestre Slidre jeger- og fiskarlag gjennomført linjetaksering av lirypebestanden i Vestre Slidre statsallmenning. Dette er fyrste gong vi gjennomfører slik taksering. Berekning av takseringsresultatet vi har fått att frå Høgskulen i Hedemark, viser ein låg bestand av lirype med ein produksjon på 1,8 kjuklingar pr vaksen hofugl. For å halde bestanden på same nivå utan jakt, må det vera ein produksjon på 2,5 kjuklingar.

Ved tildeling av jaktkort i andre område har ein teke inn atterhald om at dagskvote blir bestemt etter taksering. Dei har pga svakt resultat i år, innført strengare avgrensingar av uttak av både lirype og anna småvilt. Vi har ikkje teke inn slikt atterhald i jaktkortet og kan ikkje regulere jakta på same måte.

Det vor likevel ynskjeleg å avgrense uttaket, spesielt for lirype. Det einast alternativet vi har, er eventuelt å tilbyda jegerane å få returnere jaktkortet. Det kan setjast eit maks tal på kor mange kort som kan refunderast. For dei som ynskjer å bruke jakthundane, kan det vera eit alternativt med gratis/rimeleg treningskort (jegerane går utan våpen). Det kan også vera eit alternativ å få eit billigare kort mot ikkje å jakte på lirype. Dei som likevel vel å jakte, kan oppmodast på det sterkaste til moderasjon i uttaket av fugl.

## Vedtak:

Fjellstyret finn at det er for seint å setja i verk tiltak for å redusere avskytinga i år. Ein ber i staden administrasjonen om å legge ut informasjon på nettsida om at jegerane bør vera varsame med avskytinga pga låg kjuklingproduksjon.

Eit framtidig system for å regulere avskytinga ut frå resultat av taksering, skal vurderast av den arbeidsgruppa som skal koma med framlegg til ny jaktordning, jf. vedtak 32/09.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.9.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: